

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i kommunen si verksemd og i plan- og bygningslova. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt døme for andre kommunar.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne slik at det er i samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre einskilde kulturminne som no er plassert i vernekasse B.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.
4. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.
5. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vera ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.